



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

13.04.2026

Vår ref:

2026/2163

Dykkar dato:

28.01.2026

Dykkar ref:

20200606

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn - regulering av Halvfjerdingsvatnet - endra slukeevne - Ekkjestølen kraftverk - Ullensvang

Statsforvaltaren rår frå å gi løyve til å regulere Halvfjerdingsvatnet og auke slukeevna i Ekkjestølen kraftverk. Ei slik vidareutbygging vil auke utbyggingsstrekninga i stor grad, og planlagt minstevassføring vil ikkje ivareta elvestrekninga nedstraums dammen i tilstrekkeleg grad. I tillegg vil dammen øydeleggje eit velfungerande fiskevatn.

Vi viser til høyringa av konsesjonssøknad som tilleggsreguleringar for Ekkjestølen kraftverk.

Ekkjestølen kraftverk; planlagt tilleggsregulering

Søknaden gjeld

- tre meter regulering av Halvfjerdingsvatnet tre meter (+ 2,0 m og -1 m regulering frå normalvasstand)
- redusert minste slukeevne frå 150 l/s til 35 l/s
- auka største slukeevne frå 980 l/s til 1100 l/s (dvs. frå 1,42 til 1,59 gonger prosent av middelvassføringa)

Det er planlagt betongdam på 3 m x 25 meter, og ein 50 – 80 meter lang permanent veg frå eksisterande veg og fram til dammen. Det er foreslått å sleppe minstevassføring på 75 l/s forbi dammen i perioden juni - august. Estimert årleg energigevinst er på 2,8 GWh.

Vår vurdering

Rennande vatn inngår i naturtypen elvevassmassar i raudlista for naturtypar frå 2018, og er sett i raudlistekategorien nær truga (NT). Elvar som i dag ikkje er påverka av vassuttak eller inngrep har dermed fått auka verdi, for mellom anna fisk, insekt og vasstilknytte fugleartar som fossefall, vintererle og strandsnipe. Vassdraget og kantvegetasjonsbeltet har verdi for fisk, men òg andre vasstilknytte artar og som hekkelokalitet for fuglar.

Sweco har vurdert verdi og påverknad på biologisk mangfald, og det blei gjennomført ei synfaring 2. september 2020. Vi er samde i vurderinga deira om at tidspunktet var eigna for kartlegging av vegetasjon, på grunn av sein vekstsesong i området, men for seint til å kunne undersøke fugl.

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Det er registrert ein sensitiv fugleart i raudlistekategori sårbar (VU) i området. Arten er sårbar for støy nær hekkeplassen, og damanlegget vil kome innafor omsynssyna for arten. Det må stillast vilkår i ein eventuell konsesjon om at det ikkje skal utførast anleggsarbeid i hekketida for arten (perioden mars – juli), utan at det er undersøkt av kompetent konsulent og nærare godkjent av Statsforvaltaren, at arten ikkje hekkar den aktuelle sesongen.

Halvfjerdingsvatnet inngår i villreinområdet Skaulen-Etnefjell, og det kan førekome villrein heile året. Dette er omtalt og vurdert i konsekvensnotatet frå Sweco. Det er ikkje registrert trekkruiter over vatnet om vinteren, og ifølgje notatet kryssar villreinen gjerne lengre vest, mot fylkesgrensa. Vi legg til grunn at det blir halde god dialog med villreinnemnd/villreinutval om eventuelle restriksjonar på anleggsarbeid.

Vatnet var fisketomt fram til 1996, då det blei sett ut klekkeriprodusert aureyngel. Verdi, påverknad konsekvens for fisk er vurdert ut frå eit prøvefiske i 2016. Prøvefisket påviste ein tynn aurebestand, med godt innslag av fisk med fin storleik (> 0,5 kg), og veksten stagnerte først når fisken kom opp mot 30-40 cm. Auren gyter i utløpselva rett nedstraums vatnet, medan tilløpselvane er små og truleg lite eigna. Ein reguleringsdam vil øydeleggje dette gyteområdet.

Fiskevurderinga i konsekvensnotatet viser at Halvfjerdingsvatnet er eit godt fiskevatn. Vatnet ligg lett tilgjengeleg nær fylkesvegen, og vi reknar med at det blir nytta til fritidsfiske. Vi konstaterer at bestanden i dag er sjølvrekrutterande, og at gyteområdet vil bli øydelagt dersom det blir bygt kraftverksdam i utløpsosen.

Det er foreslått å sleppe minstevassføring frå dammen berre tre månader om sommaren, og det betyr at elva nedstraums Halvfjerdingsvatnet og ned til inntaksdammen til kraftverket i periodar vil bli tørrlagt. Dette er allereie situasjonen for dagens utbyggingsstrekning nedstraums inntaksdammen til kraftverket. I konsesjonshøyringa for Ekkjestølen kraftverk bad vi om at det skulle stillast krav om minstevassføring minst tilsvarende alminneleg lågvassføring heile året, i tråd med prinsippet i vassressurslova § 10.

Regulering av Halvfjerdingsvatnet vil meir enn doble utbyggingsstrekninga for Ekkjestølen kraftverk. Det kan sjå ut til å vere lagt til grunn at vurderinga av den eksisterande utbyggingsstrekninga vil gjelde òg for den nye utbyggingsstrekninga, mellom reguleringsdam og inntaksdam. Vi meiner det ikkje er dekning for å hevde at «.. Den planlagte minstevannføringen vurderes som tilstrekkelig for å opprettholde en viss verdi for landskap og biologisk mangfold» (s. 43 i søknaden). Elva har ein heilt annan profil på den nye utbyggingsstrekninga, med rolegare elveløp og fleire elveosar. Det vil sjølvsagt vere svært negativt for vassfaunen om elva blir tørrlagt ein eller fleire gongar i løpet av året. Dersom vatnet skal regulerast, bør det setjast vilkår om minstevassføring heile året, minst tilsvarende alminneleg lågvassføring.

For ytterlegare å auke utnyttinga av vassressursen, er det òg søkt om å justere både største og minste slukeevne i kraftverket. Slukeevneintervall og minstevassføringsvilkår er viktige premisser for å finne rett balanse mellom kraftproduksjon og allmenne interesser ved vasskraftutbyggingar. Vassføringar større enn største slukeevne, og mindre enn minste slukeevne pluss minstevassføring, tilfører vatn utover minstevassføringa og gir ein dynamikk som er viktig for naturmiljø og friluftsinteresser.

Auka maksimal slukeevne til 1,59 x middelvassføringa, vil framleis liggje godt innafor vanleg intervall for småkraftverk som har fått konsesjon dei seinare åra, medan planlagt reduksjon av minste tillatne slukeevne, til 0,05 x middelvassføringa, ser ut til å vere heilt i nedre sjikt av vanleg intervall. I utgangspunktet skal eit slikt slukeevneintervall kunne oppretthalde ein viss dynamikk i vassføringa.



Variasjonen i vassføringa vil derimot bli ytterlegare redusert om det òg blir bygt reguleringsmagasin, då intensjonen jo er å regulere slik at det blir minst mogleg overløp ved inntaket. I tillegg har gjeldande konsesjon altså berre vilkår om slepp av minstevassføring tre månader om sommaren. Utnyttingsgraden for kraftverket vil auke frå 68,3 til 81,1 prosent av tilsiget. Vår vurdering er at ytterlegare redusert dynamikk, og både fleire og lengre periodar totalt utan vatn i elveløpet, vil auke belastninga på naturmiljøet i stor grad.

Vi må påpeike at det kan vere uheldig med etappevis justering av eit kraftprosjekt, etter at konsesjonsvedtaket er fatta gjennom ei heilskapleg vurdering av fordelar og ulemper ved utbygginga. Det bør difor vere ein viss terskel for å akseptere tilleggsreguleringar i disfavør av allmenne interesser. I denne saka bør det òg leggjast vekt på at tiltaksområdet ligg i eit område med svært mykje vasskraftutbygging, og det er òg fleire store nye utbyggingar som blir konsesjonshandsama.

Konklusjon

Statsforvaltaren rår frå å gi løyve til å regulere Halvfjerdingsvatnet. Vi legg vekt på at ei monaleg ny utbyggingsstrekning vil bli tørrlagd i periodar, og i tillegg vil ein reguleringsdam i utløpet av vatnet øydeleggje eit velfungerande fiskevatn. Utbygginga er planlagt i eit område med mykje vasskraftpåverknad.

Vi vurderer det nye slukeevneintervallet det er søkt om til i utgangspunktet å vere akseptabelt for naturmiljøet i eit allereie regulert vassdrag. Sidan strekninga, etter vår vurdering, ikkje er tilstrekkeleg ivareteke med gjeldande minstevassføringskrav, rår vi likevel frå òg denne delen av søknaden.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Eyvin Sølsnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Ullensvang kommune

Opheimsgt. 31

5750

ODDA